

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/23	Kommunestyret	PS	22.06.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Trine Merete Jansen	FA-F30	22/1254

Busetting av flyktningar 2023 - ekstraoppmoding frå IMDI

Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Austrheim kommune imøtekjem IMDI si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2023.

Kommunestyret - 040/23 - 22.06.2023

KS - behandling:

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Trine M. Jansen, orienterte om saka jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) hadde ei oppmoding til heile kommunestyret om å vera med på å inkludera flyktningane frå Ukraina, både som innbyggjarar og som kommune.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Austrheim kommune imøtekjem IMDI si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2023.

Saksopplysninger:

IMDI har oppmoda Austrheim kommune om å busette 5 flyktningar i tillegg til dei 20 flyktningane som vi tidlegare har gjort vedtak om å busette. Totalt ber dei om at Austrheim kommune busett 25 flyktningar i 2023.

Vi har fram til no busett 16 flyktningar for 2023. Det er sett i gang eit arbeid gjennom AKE med å

skaffe eigna bustadar, så sjølv om ein opplever dette som den største utfordringa i arbeidet med flyktningane, meiner vi at det er realistisk at vi innan årsskifte skal klare å busette totalt 25 flyktningar.

Konklusjon

Austrheim kommune imøtekjem IMDI si oppmoding om å busette til saman 25 flyktningar i 2023.